



Informasjon til pårørende om Valen Sjukehus



Om opphaldet

Me ynskjer å gjera opphaldet til ei best mulig oppleving for pasientane og det at du/ de har nokon av dei næraste innlagt her, kan tyder på at det har vore ein vanskelig periode i livet for alle.

I starten på opphaldet kan pasienten trenga ro og fred. Psykisk sjuke kan ha forandra eller forstyrta tankar, følelsar og oppførsel. Personalet som arbeider her har mykje kunnskap og lang erfaring i å hjelpa og trygga menneske som har det slik.

Nokre pasientar er innlagt på tvang og det kan vere svært vanskeleg for både pasienten og dei næraste rundt å oppleva dette. Siktemålet med lov om Psykisk Helsevern er å sikre at etablering og gjennomføring skjer på ein forsvarlig måte. Kontrollkommisjonen i det psykiske helsevernet er uavhengig av sjukehuset og har som hovudoppgåve å ta vare på rettstryggleiken til pasientane. Alle vedtak blir overlevert skriftlig med begrunning og kan påklagast til kontrollkommisjonen.

Etter kvart kan pasienten gradvis delta i ulike aktivitetar og dette aukar ettersom han/ho meistrar dette. Det er eit mål at pasienten skal vere i stand til å ta tilbake kontroll og ansvar for livet sitt, slik at han/ho klarer seg utanfor sjukehuset igjen.

All behandling vert gjeve ut frå beste definerte praksis og pasientane deltar aktivt i behandling på evalueringsmøte i lag med behandlarteam og miljøkontakt så snart dei er klar for det.

Det er ofte ønskjeleg for legen å snakka med pårørande for å få meir informasjon om sjukehistoria og for å kunna gje beste behandling. Det er de som er pårørande som kjenner den sjuke best.

Behandlande lege er:

Miljøkontaktane er :

Behandlinga består av

- Miljøterapi
- Trening i daglige funksjonar
- Medisinar
- Samtaleterapi
- Informasjon om sjukdomen
- Samtale med fam. der det er akt.
- Ergoterapi



Aktivitetar

Gjennom aktivitetar ønskjer me å betra og vedlikehalde fysisk og psykisk helse gjennom målbevisst bruk av formgjeving, trim, friluftsliv, kunst og kultur og praktiske gjeremål basert på eigeninnsats frå pasienten. Ergoterapiavdelinga har eit stort og variert tilbod, og postane har egne aktivitetorar. Sjukehusets er plassert i eit rolig og naturskjønt område omkransa av fjord og høge fjell og vert mykje brukt til turområde.

Besøk

Familie, andre pårørande og venner er velkommen på besøk, men bør ta kontakt med posten først. Av behandlingssmessige grunnar må ein nokre gonger venta litt før ein kan ta imot besøk, og me håpar på forståing for dette i slike tilfeller.

Det er ikkje anledning for besøkande å koma inn på alle postane grunna omsyn til dei andre pasientane, men ein har egne besøksrom.

Dei som har barn som nære pårørande er også velkomne til sjukehuset. Avtal med posten om å bestilla familiestova på velferdsbygget. Det kan vere av stor verdi for dei å sjå kor mor eller far er når dei er sjuke.

Sjukehuset har gratis overnatting for pårørande på Søsterheimen, like ved sjukehuset.

Korleis koma hit?

Valen sjukehus ligg på Valen i Kvinnherad Kommune.

Det er fleire måtar å kome hit på.

Frå Haugesund

Alt 1: Kjør via Etne til Skånevik(ca 1,5 t) og ta ferje over til Utåker (20 min). Derfrå er det 14 km å køyre til Valen.

Alt 2: Kjør via Sveio til Skjersholmane på Stord (ca 50 min) og ta ferje til Ranavik(45 min). Deretter køyrer du gjennom Sæbøvik på Halsnøy og tar tunnelen (ny våren 2008) under Høylandsundet til Husnes.(20 min) Frå Husnes er det 6 km til Valen.

Frå Bergen

Alt 1: Kjør til Gjermundshavn via Tysse (ca 1,5 t) (eller ta ferje frå Hatvik-Venjanaset og køyr til Gjermundshavn). Ta ferje til Årsnes (20 min) og køyr via Rosendal til Valen. (ca. 45 min)

Alt 2: Kjør til Halhjem utanfor Os og ta ferje til Sandvikvåg (40 min,desse rutetidene finn du på (www.fjord1.no). Kjør til Skjersholmane (30 min) og ta ferje til Ranavik(45 min). Deretter køyrer du gjennom Sæbøvik på Halsnøy og tar tunnel(ny mars 2008) under Høylandsundet til Husnes(20 min) Frå Husnes er det 5 km til Valen i retning Utåker. (Alle rutetider finn du på www.tide.no)

Meir Info

Helse Fonna har egne nettsider der ein kan gå inn å lesa meir om behandlingstilbodet til I postane

På Valen sjukehus ligg Lærings og meistringssentert (LMS) for psykiatri Helse Fonna. Det er eit aktivt informasjonssenter, ein møteplass og kurscenter for brukarar, pårørande og fagpersonell. Meir om dette kan du lesa på www.helse-fonna.no

Kvart år arrangerer sjukehuset i samarbeid med LMS ein pårørandedag på sjukehuset der ein kan få treffa andre pårørande og få fagleg informasjon.

Psykisk helsevern i Helse Fonna har ein infotelefon der alle som har spørsmål kring psykisk helse kan ringe kvardager mellom 13-15 på tlf 52 73 42 00.

Nyttige nettstader er www.psykopp.no og www.psykiskhelse.no . Her kan du lesa meir om psykiske lidingar.

Valen Sjukehus Tlf.: 53 46 64 00 | www.helse-fonna.no

Eining	Sikkerhets-psykiatri	Rehabilitering	Psykosebehandling	Dobbel-diagnose/rus	Akutt
Direktetlf.	53 46 64 83	53 46 64 82	53 46 64 73	53 46 64 72	53 46 64 74
Pasienttlf.	53 46 64 97	53 46 64 96	53 46 64 73	53 46 64 91	53 46 64 93
Funksjonsleiar	Monica Lindseth	Linda Iversen	Inger Karin Røssland	Solveig Gjærde	Liv Rose Olsen